



# Tilpassing av bustad

## Finansieringsalternativ



**Husbanken**



Alle skal bo godt og trygt

## INNHALD

Tilskot til tilpassing av bustad	side 3
Tilskot (NAV hjelpemiddelsentralen)	side 3
Prosjekteringstilskot	side 4
Utgreiingstilskot	side 4
Tilskot til etablering i eigen bustad	side 5
Bustønad	side 5
Startlån	side 6
Grunnlån	side 6

## TILSKOT TIL TILPASSING AV BUSTAD

Søknad skal til kommunen

Tilskot til tilpassing av bustad skal medverke til at eldre og funksjonshemma får ein bustad som over tid fungerer godt i forhold til bevegelsesvanskar eller anna funksjonshemming.

Tilskotet vert løyvd til både enkle tiltak og til større ombygningar for å tilretteleggje bustaden i forhold til søkjar si funksjonsnedsetting.

Ordninga er økonomisk behovsprøvd. De økonomiske behovsprøvinga blir gjort etter ei heilskapleg vurdering av husstanden sin økonomiske situasjon på sikt, etter at tilpassingstiltak er gjennomført.

Inntil 40 000 kan løyvast i tilskot utan pant i eigedommen.

Kommunen administrerar ordninga og søker Husbanken om midlar.

## TILSKOT

Søknad skal til NAV hjelpemiddelsentralen

Tilskotet kan løyvast til brukarar som har rett til trappeheis løfteplattform, og/ eller rampe i samsvar med lov om folketrygd.

Tilskotet skal i større grad gje alternative valmogelegheiter for å løyse brukar sine forflytningsproblem i eksisterande bustad (i staden for trappeheis, løfteplattform og/eller rampe)

Tilskotet skal

- ikkje overstige kostnaden til hjelpemidlet.
- ikkje inngå i "brukaren sin eigenkapital".

Utbetaling føreset at trappeheis, løfteplattform og/eller rampe ikkje blir installert.

Ordninga erstattar ikkje eksisterande ordningar frå Husbanken og kommunen, men skal inngå i ein felles "kasse" saman med desse midla.

## PROSJEKTERINGSTILSKOT

Søknad skal til Husbanken

Prosjekteringstilskot er til funksjonshemma og andre som har behov for tilrettelegging av bustaden sin.

Tilskotet skal gå til dekning av kostnadar til fagleg bistand til prosjektering, dvs. til arkitekthonorar eller liknande. Prosjektering skal utførast av fagkyndig(e), etter val av søkjar, men prosjektering av bustaden og eventuell utgreiing i førekant må skje i forståing med ergoterapeut/ bustadkonsulent i kommunen.

Før tilskot kan løyvast bør kommunen utgreie brukaren sin økonomi og behov.

Husbanken kan dekkje utgifter til prosjektering med inntil kr 20 000 per sak. Det kan i særlege tilfelle løyvast høgare tilskot.

I tilfelle der tilskot går ut over standardsatsane, skal økonomien til søkjar vurderast.

## UTGREIINGSTILSKOT

Søknad skal til Husbanken

Utgreiingstilskot blir løyvd til funksjonshemma og andre som har behov for tilrettelegging av bustaden.

Tilskotet er til enkle undersøkingar av bustad og uteområde, beskriving av teknisk tilstand på bustaden, arealbehov, mogelegheiter og avgrensingar, samt økonomisk overslag. Utgreiinga skal utførast av fagkyndig(e).

Husbanken kan dekkje utgifter til utgreiing med inntil kr. 20 000 per sak.

Før tilskot kan løyvast bør kommunen utgreie brukaren sin økonomi og behov.

## TILSKOT TIL ETABLERING I EIGEN BUSTAD

Søknad skal til kommunen

Bustadtilskot skal medverke til at husstandar med svak økonomi blant funksjonshemma, sosialt vanskelegstilte, flyktningar, eldre og unge i etableringsfasen skal få nøkterne og eigna bustader.

Tilskotet er til oppføring, kjøp og refinansiering av bustad og løyvast som oftast i kombinasjon med lån.

Ordninga er strengt økonomisk behovsprøvd.

Ved tilskot til enkeltpersonar vil det bli lagt vekt på at husstanden sin situasjon er av varig karakter.

Nivået på tilskotet blir vurdert ut frå ei heilskapleg vurdering av behov og mogelegheiter for støtte frå andre offentlege støtteordningar.

Kommunen administrerer ordninga og søker Husbanken om midlar til vidaretildeling.

## BUSTØNAD FRÅ HUSBANKEN

Søknad skal til kommunen

Alle over 18 år kan søkje bustønad med unntak av vernepliktige og studentar utan barn.

- Alle som er over 18 år kan søkje bustønad med unntak av studentar utan barn og personar i førstegongsteneste/ sivilteneste.
- Du kan også søkje dersom du er student og studiet ditt er ledd i eit offentleg program for arbeidskvalifisering, for eksempel yrkesretta attføring.
- Dersom du er under 18 år og har eigne barn, kan du også søkje.

Bustønaden skal hjelpe husstandar med lave inntekter og høge buutgifter til å etablere seg og bli buande i bustad.

Forholdet mellom buutgifter for husstanden avgjer om det kan løyvast bustønad og kor stor bustønaden blir.

## LÅNEORDNINGAR

### STARTLÅN

Søknad skal til kommunen

Startlån er til personar som har problem med å etablere seg i eigen bustad og til vanskelegstilte som har behov for å kunne bli buande i bustaden.

Startlånet kan finansiere heile bustadkjøpet eller vere topplån der andre gir grunnfinansieringa.

Lånet kan også løyvast til utbetring av bustad.

Det opp til den enkelte kommune å vurdere tilsegn om lån, og eventuelt størrelse på lånet. Retningslinjer og praksis kan variere noko frå kommune til kommune.

Samarbeid mellom private bankar og kommunen er viktig for å «sy» saman ein finansieringspakke. Som utgangspunkt står ein privat bank for grunnfinansiering, og kommunen gir startlån som toppfinansiering.

Kommunen administrerer ordninga og søker Husbanken om midlar.

### GRUNNLÅN

Søknad skal til Husbanken.

Grunnlån kan nyttast til bygging av nye bustader og utbetring av brukte bustader.

Lånet kan unntaksvis løyvast til kjøp og utbetring av brukt bustad.

Grunnlånet kan også løyvast til spesialtilpassing av bustader for funksjonshemma.

Med spesialinnreiing/  
spesialtilpassing meinast:

- ekstra utvendig terrengarbeid der dette er nødvendig for betre tilgjengelegheit
- spesialinnreiing av kjøken/bad
- forsterking av bygningskonstruksjonar for å kunne tåle belastning frå heis eller andre tekniske installasjonar
- anna arbeid, som etter dokumentasjon frå lege, ergoterapeut eller andre fagpersonar, er nødvendige for den funksjonshemma.

## GRUNNLÅN FORTS.

Søknad skal til Husbanken.

Ved oppføring av bustad vil grunnlånet normalt utgjere inntil 80 % av kostnadene.

Ved utbetring kan grunnlånet utgjere inntil 100 % av utbetningskostnadene Husbanken godkjenner. Det er likevel ein føresetnad at samla lånebelastning ikkje overstig 90 % av anteke omsetningsverdi etter utbetring.

### NYTTIGE LENKER:

**Om Husbankens tilskotsordningar**  
<http://www.husbanken.no/tilskudd/>

**Brosjyre: Bustadtilpassing**  
[http://biblioteket.husbanken.no/bibliotek/bib\\_universell\\_utforming/boligtilpassing](http://biblioteket.husbanken.no/bibliotek/bib_universell_utforming/boligtilpassing)

**Regelverk og skjema**  
<http://www.husbanken.no/brosjyrer/>

**Om lån**  
<http://www.husbanken.no/lan/>

**Om bustønad**  
<http://www.husbanken.no/bostotte/>



**Husbanken**

For ditt næraste regionkontor, ring 815 33 370  
[www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)

**HB 8.E.11 (N) | Tilpassing av bustad - Finansieringsalternativ**  
Utgitt av Husbanken - redigert 2. juli 2014